



Arkivnr: 2015/8173-300

Saksbehandlar: Ingeborg Strandberg

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		06.03.2018
Fylkestinget		06.03.2018

Søknad om fritak frå fylkeskommunale verv

Samandrag

Representanten Kjetil Hestad, Arbeiderpartiet, har søkt fritak frå alle fylkeskommunale verv for resten av valperioden 2015 – 2019 med grunngjeving i arbeidsforhold.

Fylkesrådmannen har funne å kunna tilrå å gi fritak og foreta suppleringsval for Hestads offentlege tillitsverv. Hestads verv i aksjeselskap har ikkje fylkestinget mynde til å gi fritak for, men fylkesrådmannen rår til at fylkestinget vel kandidatar til desse verva under føresetnad at Hordaland fylkeskommune vert bedt om å fremja kandidat til styret frå selskapa dette gjeld.

Forslag til innstilling

1. Representanten Kjetil Hestad vert fritaken frå verva som medlem i fylkestinget og medlem i utval for opplæring og helse for resten av valperioden 2015 – 2019.
2. For resten av valperioden 2015 - 2019 gjer fylkestinget slike val:
 - a. Medlem i fylkestinget etter opprykk:
.....
 - b. Som medlem i utval for opplæring og helse vert vald:
.....
 - c. Dersom selskapet ber om ei ny innstilling som styremedlem i Bergen-Os Bompengeselskap AS vert vald:
.....
 - d. Dersom selskapet ber om ei ny innstilling som styremedlem i Bømlo Vegselskap AS vert vald:
.....
 - e. Dersom selskapet ber om ei ny innstilling som leiar i Bømlo Vegselskap AS vert vald:
.....

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 23.01.2018

Kjetil Hestad, Arbeiderpartiet, skriv i brev til fylkeskommunen 08.01.2018:

«I høve at eg har fått tilbod og takka ja til ein ny jobb i Trondheim som fagsjef i Norske Sjømatbedrifters Landsforbund søker eg med dette om permanent fritak frå alle mine politiske verv i Hordaland i denne valperioden.

Eg tiltrer i min nye stilling 1. februar 2018, og eg ber om at eg fram til fylkestinget får behandla min søknad får permisjon frå mine verv i Hordaland fylkeskommune.

Eg vil nytte høve til å takka for ei lærerik tid i fylkespolitikken i Hordaland.»

Hestad har følgjande offentlege tillitsverv i Hordaland fylkeskommune:

- medlem i fylkestinget,
- medlem i utval for opplæring og helse,

Hestad har følgjande verv i aksjeselskap der han har vore oppnemnt av fylkestinget:

- styremedlem i Bergen-Os Bompengeselskap AS,
- styremedlem i Bømlo Vegselskap AS,
- leiar i Bømlo Vegselskap AS,

Om verv

Frå kommunal- og regionaldepartementet i brev, ref. 12/1376-2:

«Hovudomgrepet i kommuneloven § 40 nr. 3 er "offentlige tillitsverv". Kva som ligg i dette omgrepet er omtalt i eit forarbeid til forvaltningslova, som òg låg til grunn for endringar i den tidlegare kommunestyrelova § 15. Omgrepet og føresegna vart vidareført i gjeldande kommunelov, slik at forarbeidet framleis er relevant. I Ot.prp. nr. 3(1976–1977) s. 104 går det fram at:

Uttrykket « offentlige » tillitsverv er valgt fordi kommunestyret og fylkestinget ikke bare velger kommunale og fylkeskommunale tillitsmenn, men også statlige tillitsmenn og tillitsmenn som det er uklart om skal karakteriseres som kommunale eller statlige eller begge deler.

Dette kan tale for at val av representantar til private einingar som selskap, i utgangspunktet ikkje var tenkt omfatta av unntaket.

Frå kommunal- og regionaldepartementet i brev, ref. 12/1376-2:

«Departementet meiner at ordlyden i føresegna (offentlig tillitsverv) sett i lys av forarbeida tilseier at val til styreverv i selskap som er eit eget rettssubjekt i utgangspunktet ikkje blir femna om av føresegna. Når ein har eit styreverv i slikt selskap skal ein ta i vare interessene til selskapet, sjå ovanfor. Dette gjeld både når selskapet har offentlege og private eigarar. Departementet kan på den bakgrunnen vanskeleg sjå at eit slikt styreverv er eit "offentlig tillitsverv".»

Bergen-Os Bompengeselskap AS og Bømlo Vegselskap er begge aksjeselskap. Aksjelova seier slik om val og tilbaketreden av styremedlem:

«§ 6-3 Valg av styremedlem

(1) Medlemmene av styret velges av generalforsamlingen, som også bestemmer om det skal velges varamedlemmer.

§ 6-7 Tilbaketreden og avsetting før tjenestetiden opphører

(1) Et styremedlem har rett til å tre tilbake før tjenestetiden er ute. Styret og den som har valgt styremedlemmet, skal gis rimelig forhåndsvarsel.»

Vedtektene til Bømlo Vegselkap AS seier slik om val av leiar:

«§ 5 Styre

....

Generalforsamling vel leiar som skal veljast mellom medlemmene som representerer Hordaland fylkeskommune.»

Fritak

Fritak frå teneste i offentlege tillitsverv på grunnlag av søknad er regulert i kommunelova § 15 nr. 2 som lyder:

"2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad fritta, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet."

Om korleis regelen er å forstå er det i kommentarane til kommunelova (Overå/Bernt: Kommuneloven med kommentarer) teke inn m.a.:

"Fritak er betinget av at vedkommende "ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet". Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsgrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører. Avgjørelsen må nødvendigvis bli temmelig skjønsmessig. Forhold som politisk motgang, endret politisk oppfatning eller utilfredshet med organets arbeid vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak. Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet "belastning" som alternativ til "vanskelighet", kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjoner hvor de har ført til helsemessige eller sosiale belastninger for et medlem, jf. NOU 1990: 13 s. 185 hvor det blant annet uttales:

"Utvalget vil vise til at det kan være usikkert hvor langt begrepet "uforholdsmessig vanskelighet" rekker og foreslår derfor formuleringen "...den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning ..." for å klargjøre at det også kan være andre forhold enn de som er nevnt overfor som kan gjøre det svært vanskelig for en representant å fortsette i vervet, og hvor det derfor kan være rimelig å fritta vedkommende."

Fritak frå verv i aksjeselskap ligg ikkje under fylkestinget sitt mynde, men er eit vedtak som kvart selskap må gjere etter søknad frå medlemet.

Vurdering

I utgangspunktet bør offentlege verv kunna la seg kombinera med eit yrkesliv, men det kan vera situasjonar som gjer dette vanskeleg, t.d. ved mykje reiseverksemd og fråver. I kommentarane til lova er det vist til at m.a. arbeidsforhold normalt vil kunna vera fritaksgrunn.

Det skal leggjast ei streng vurdering til grunn ved søknad om fritak. Slik har det også vore praktisert. Representanten har opplyst at han skal jobbe i eit anna fylke, og då er det rimeleg å rekna med at han vil få mykje fråver. Med vekt på dette finn fylkesrådmannen likevel å kunna tilrå at det vert gitt fritak og føreteke suppleringsval. Det kan også visast til tidlegare praksis der det er gitt fritak på grunn av jobb i eit anna fylke (jfr. FT-sak 52/14).

Dersom Hestad vert fritaken frå verva, bør det gjerast val og suppleringsval for resten av valperioden 2015 – 2019. Kommunelova § 16 Opprykk og nyvalg regulerer forholdet:

"1. Har medlemmer forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmer såvidt mulig i den nummerorden de er valgt. Varamedlemmer innkalles fra den gruppe hvor det er forfall."

2. Hvis medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmer inn i den nummerorden de er valgt.

3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomité og fylkestingskomité trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppe som den uttredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.

4. Trer lederen av et folkevalgt organ endelig ut av organet, skal det velges ny leder.

5. Er antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunestyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalget kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalget.

6. Ved suppleringsvalg etter nr. 3 og nr. 5 kan vedkommende gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underretter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger vedkommende dersom de lovbestemte vilkår er oppfylt. Tilsvarende gjelder ved suppleringsvalg i henhold til nr. 5 siste punktum”.

Vervet som medlem i fylkestinget må fyllast ved opprykk, jfr. nr 2. Den ledige plassen i utval for opplæring og helse vert å fylla etter nr 3.

Fylkesvalstyret føretek nytt valoppgjør for å fylla den ledige varamedlemsplassen i fylkestinget når fylkesordføraren finn det nødvendig, jfr vallova § 14-2 nr 2.

Angående verv i aksjeselskapa Bergen-Os Bompengeselskap AS og Bømlo Vegselskap AS har ikkje fylkestinget mynde til å innvilge fritak, og fylkesrådmannen vil heller ikkje tilrå at dette vert gjort. Aksjeselskapet må sjølve innfri ei fritakssøknad og så sende ei førespurnad til fylkestinget om å nemne opp ei ny kandidat.

For å unngå at denne saka må opp i to fylkesting tilrår fylkesrådmannen at valnemnda og fylkestinget i denne saka vel nye kandidatar i dei verva som Kjetil Hestad har hatt. Då er namna klare dersom ei førespurnad kjem frå aksjeselskapa.